

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 2. mai 2016 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Nils Terje Oma.

MØTESTAD:	Vindafjord Rådhus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.15 – kl. 16.35
MØTANDE MEDLEMER:	Nils Terje Oma (Ap), Johannes Vestbø (Sp), Marit Aga Hustvedt (Ap), og Kristian H. Ressel (BBL)
FORFALL:	Gunn Haraldseid (H)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Anne Tone Salte Andersen (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Roald Stakland, KPMG AS, Haugesund Forvaltningsrevisor Kari Hesjedal, KPMG AS, Bergen i sakene 7 og 8
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Kristian Birkeland og økonomisjef Ove Eidsheim i sak 6
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Ole Johan Vierdal
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: 7, 8, 5, 6, 9 og Eventuelt

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 05/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 24.02.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 24.02.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet:

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.05.16:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 24.02.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 06/16 VINDAFJORD KOMMUNE - UTTALE TIL REKNESKAPEN FOR 2015

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Vindafjord har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2015 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.....

Handsaming i kontrollutvalet:

Leiar innleia. Økonomisjefen orienterte kort om rekneskapen. Budsjettdisiplinen var jamt over god. Det var størst utfordringar var innan barnevern, pleie- og omsorg og brannvern. Rådmannen og økonomisjefen svara på spørsmål. Ordføraren kommenterte kort, mellom anna om pleie- og omsorgssektoren.

Revisor orienterte om deira arbeid. Det var avlevert ein rein revisjonsmelding, og det hadde ikkje vore grunnlag for årsoppgjersbrev dette året.

Leiar takka revisor og KPMG for eit godt samarbeid i den perioden dei hadde vore kommunen sin revisor.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.05.16 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Vindafjord har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2015 og vedtek uttale slik den ligg føre:

Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2015 er gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk/underskott på 2 mill. kr.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat med 2 millionar kr.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2015 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.15.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2015.

SAK 07/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2020

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre/med desse endringane/tillegg og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden ved behov.

Handsaming i kontrollutvalet:

Forvaltningsrevisor hadde fyrst eit «minikurs» om forvaltningsrevisjon. Deretter gjorde ho greie for den overordna analysen og prosessen fram til no. Ho presenterte og kommenterte revisjonen sitt framlegg til prioriterte område for forvaltningsrevisjon.

Medlemmene drøfta revisor sitt framlegg og meinte det var mange gode område, og dermed vanskelig å skulle gjera ei prioritering. Leiar delte ut ei liste der han kom med framlegg til prioriteringar. Utvalet drøfta leiar sitt framlegg.

Ordføraren meinte det kunne vera lurt å prioritera nokre område, til dømes ein til fire og la resten av områda stå i uprioritert rekkefølge. Dette var i tråd med det som var gjort i den førre planen.

Utvalet blei samd om ikkje å prioritera nokon av dei 11 områda, og vedtok planen slik den var lagd fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.05.16 og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden ved behov.

SAK 08/16 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2020

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kommunestyret vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2020 slik den ligg føre/ med endringar/tillegga.

Retningslinjer for selskapskontroll i Vindafjord kommune blir vidareført slik de ligg føre/ med endringar/tillegg.

Kontrollutvalet får delegert mynde til å endra planen i planperioden ved behov.

Handsaming i kontrollutvalet:

Forvaltningsrevisor hadde ei innføring i kva ein selskapskontroll er for noko. Deretter gjorde ho greie for prosessen med overordna analyse for selskapskontroll og framlegget til plan. Ho presenterte og kommenterte revisjonen sitt framlegg til prioriterte område for selskapskontroll.

Utvalet drøfta framlegget og blei samd om å stryka to av dei prioriterte selskapa, Haugaland Vekst IKS og Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS. Revisor vil oppdatere planen før den vert sendt til kommunestyret for endeleg handsaming.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.05.16 og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyret vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2020 slik den ligg føre og med følgjande prioriteringar:

- *Generell selskapskontroll med Vindafjord kommune si eigarstyring*
- *Krisesenter Vest IKS*

Retningslinjer for selskapskontroll i Vindafjord kommune blir vidareført slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet får delegert mynde til å endra planen i planperioden ved behov.

SAK 09/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 02.05.16

14. Statusrapport pr. mai 2016
15. Kontrollrapport 2015 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
16. Representantskapsmøte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Representantskapsmøte 27.04.16 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
18. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
19. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
20. Representantskapsmøte 25.05.16 – HIM IKS
21. Generalforsamling 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
22. Kommunelovutvalet har overlevert forslag til ny kommunelov – NKRF nytt 10.03.16
23. Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov

Handsaming i kontrollutvalet:

Utvalssekretær gjorde greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.05.16:

Referatsaker 14 – 23 blir tatt til orientering.

EVENTUELT:

Invitasjon til FKT-konferansen

Leiar spurte dei andre medlemmene om nokon hadde meldt seg på eller ønskte å delta på FKT-konferansen på Gardermoen 7. – 8. juni. Ingen av dei hadde anledning. Leiar ønskte å delta og utvalet samtykka. Sekretariatet vil ordne med påmelding og deltakar bestiller flybillett sjølv.

Neste møte: onsdag 07.09.16, kl. 15.00

Ølen/Aksdal, 02.05.16

Nils Terje Oma
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær